

SAK 35/24 TEST AV DIGITAL PLATTFORM TIL KUNNSKAPSINNHEITING

Saksopplysning:

«Plaace» er ein digital plattform som kan gi oss dagleg oppdateringar om besøkande i eit område, kvar dei kjem i frå og kvar dei bur og jobbar. Det er også eit verktøy som kan gje oversikt over korttransaksjonar i eit område, som kan samanlikne eit område med eit anna, som kan gje eigedomsinfo og gje innsikt i korleis politikken og reguleringar påverkar lokalsamfunnet.

Flå vekst har brukt løysinga/verktøyet i eit år og ønskjer å dele noko av dette med regionrådet. Sjå meir på [Home | Plaace](#)

Vurdering:

Kommunar, regionar, destinasjonsselskap, bedrifter og arrangement har i si planlegging behov for eit breitt kunnskapsgrunnlag. Kor mange folk kjem til vårt område eller til eit spesifikt arrangement, når kjem dei, kor kjem dei ifrå og kor mykje pengar legg dei att. No finns det verktøy som kan gi oss svar på noko av dette og gjennom det hjelpe oss med å bygge attraktive og levande destinasjonar basert på kven som kjem.

Flå har erfaring med verktøyet. Dagleg leiar meiner det kan vera verdt å vurdere ei prøvedrift for fleire aktørar i Hallingdal ein periode.

Forslag til vedtak:

Regionrådet ber KRU og adm. i Regionrådet vurdere om ein skal teste ut «Plaace» i Hallingdal i ein periode og gjennom det gjera seg nokre erfaringar på korleis data kan nyttast i samfunnsplanlegginga.

Hallingdal, 25. mai 2024

Jan Olav Helling
Dagleg leiar